



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

UNGDOM, SOSIAL KLASSE OG FRÅFALL I  
VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Youth, social class and dropout in secondary  
education

**MARI HELVIK, kandidatnummer: 221**

Sosiologi – ungdomssosiologi SO590

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap/Høgskulen på  
Vestlandet

Rettleiar: Lars Leer

25.05.21

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Innholdsliste

Forord	1
Samandrag	2
<i>Abstract</i>	2
<b>1.0 – Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 – Bakgrunn for val av problemstilling	3
1.2 – Problemstilling	3
1.3 – Oppgåvas oppbygging	3 – 4
<b>2.0 – Teori</b>	<b>4</b>
2.1 – Omgrepsforklaring	4 – 6
2.2 – Kapital og sosial interaksjon	6
2.3 – Fråfall og ulike skulereformar	7 – 9
2.3.1 – Årsaker til fråfall	9 – 10
2.3.2 – Tiltak for å redusere fråfall	11 – 12
2.4 – Ulikhet i samfunnet	12 – 13
2.4.1 – Utdanning og ulikhet	13 – 14
2.4.2 – Kjønnforskjellar	14 – 15
<b>3.0 – Metode</b>	<b>15</b>
<b>4.0 – Diskusjon</b>	<b>15 – 16</b>
4.1 – Fråfallets definisjon – for streng?	16
4.2 – Fråfall som samfunnsskapt problem	17
4.3 – Fråfall som individuelt val	17 – 18
4.4. – Tiltakas funksjon	19
<b>5.0 – Konklusjon</b>	<b>20</b>
<b>Kildeliste</b>	<b>21</b>
<i>Sjølvalt litteratur</i>	21 – 24

## Forord

Etter to intensive, veldig givande, men til tider frustrerende månadar, kan eg endeleg sei meg nøgd med korleis denne bacheloroppgåva har blitt.

Eg vil rette ein stor takk til min rettleiar, Lars Leer. Dine positive og konstruktive tilbakemeldingar, samt faglege støtte har vore til stor hjelp for å kome i mål med oppgåva. Takk for våre faglege samtalar og diskusjonar, og for din tolmodighet.

Ein annan stor takk går til min familie. Takk for at dykk alltid støttar meg, gir meg gode råd og ord når eg ikkje har sett lys i enden av tunellen. Ein litt ekstra takk går til mi storesyster Guro og stefar Nicholas, for at dykk har tatt dykk tid til å lesa oppgåva mi undervegs og gi meg tilbakemeldingar. Det har vore til stor hjelp.

Så vil eg gjerne gi ein stor klem og takk til mine «partners in crime»; Marlene, Ingrid, Adrian, Fredrik og Ole Kristian. Takk for at dykk held ut med meg på både gode og dårlige dagar. Òg for alt me har funne på – *til tross for korona*. Dykkar støtte og nærvær har vore utruleg viktig den siste tida!

Til andre venner og klassekamerater; Tusen takk for 3 fine år, både fagleg og sosialt. Utallige timar på grupperom, litt for lange lunsjar i kantina, litt for mange søndagsturar på mix, og ei bok full av artige minner og historiar. Utan våre diskusjonar og refleksjonar rundt alt og ingenting, hadde ikkje dette blitt halvparten så vellukka som det har blitt. Tusen takk for at dykk har gjort Sogndal til eit eventyr, og sosiologi enda meir spennande. Gleder meg til å følge dykk alle saman vidare!

Mari Helvik

25.05.2021

## Samandrag

«Sosial klasse» er ein betegnelse som fyrst og fremst blir brukt for å skilje mellom grupper i samfunnet. Ein sosial klasse blir delt inn etter blant anna inntekt, formue og utdanning. Klasseforskjellane har i vår tid blitt mindre tydelege, men dei er der framleis. I denne oppgåva har eg valt å ta føre meg sosial klasse og kva betydning det kan ha for fråfall i vidaregåande opplæring.

Eg har brukt dei teoretiske tilnærmingane til Pierre Bourdieu og Erving Goffman, nemleg kapitalformene og roller, interaksjon og frontstage/backstage. Desse tilnærmingane blir brukt for å forstå fråfall frå både eit aktørnivå, samt eit strukturnivå.

I konklusjonen finn eg at sosial klasse og sosial bakgrunn har mykje å sei for fråfallet i vidaregåande opplæring, og fråfall generelt. Ein har lettare for å falle frå om ein kjem frå lågare sosial klasse. Dess meir kulturell, økonomisk og sosial kapital ein har, dess større er sannsynlegheiten for å fullføre heile sitt utdanningsløp.

## Abstract

«Social class» is a term that is used to distinguish between groups in society. People gets divided into social classes on the basis of income, wealth and education. Class differences have become less visible in the recent decade, but they are still there. In this thesis I have chosen to focus on social class, and what significance it can have for dropouts in secondary education, and dropout in general.

These structure and agency based approaches are used to explain dropout in the Norwegian Education system. I present the theoretical frameworks of Pierre Bourdieu and Erving Goffman, focusing on Bourdieu's three forms of capital and Goffman's perception of back- and frontstage behavior in my thesis.

I conclude that both social class and social background have a lot to say for the dropout rate in secondary education, and dropout in general. It is easier to drop out if you come from a lower social class. The more cultural, economic and social capital one has, the greater the probability of completing one's entire educational career.

## 1.0 – Innleiing

### 1.1 – Bakgrunn for val av problemstilling

«Ulikhet er ikke naturgitt eller uunngåelig, men avhenger av samfunnets økonomiske, sosiale og politiske organisering» (Grønmo, Nilsen & Christensen, 2021, s.13). Ulikhet i eit samfunn kan difor knytast opp til dei ulike kapitalformene som er avgjerande for kva sosiale klasse ein hamnar i. Kva sosiale klassar er, skal oppgåva kome nærmare inn på seinare, men kort fortalt blir det fyrst og fremst brukt for å beskrive forholdet mellom ulike grupper i samfunnet. Kva sosiale klasse ein tilhøyrrer kan by på både fordelar og ulemper, og kan ha rot i mange av dagens unge sine utfordringar. Blant desse utfordringane finn vi blant anna fråfall i vidaregåande opplæring. Fråfall i denne oppgåva vil handle om dei som ikkje har fullført si vidaregåande opplæring.

I denne bacheloroppgåva vil eg belyse temaene ungdom, sosial klasse og fråfall i vidaregåande opplæring. Grunngevinga for val av temaet ungdom, sosial klasse og fråfall i vidaregåande opplæring er at dette er eit dagsaktuelt tema som det er viktig å belyse. Det er òg eit tema eg ynskjer å få meir kunnskap om.

Fråfall blir blant mange sett på som eit tabubelagt tema, og personleg syntes eg det er lite snakk om tema utan at det blir vinkla på ein negativ måte. Det finnes fleire ulike årsaker til at ungdom droppar ut, eller aldri fullfører vidaregåande opplæring. Desse årsakene er ofte samansette, og det finnes heller ingen enkle grep som vil forhindre fråfall (Hernes, 2010, s.35). Difor ynskjer eg å sette meg inn i eit par ulike årsaker til, og sjå på nokre tiltak som kan redusere fråfall i vidaregåande opplæring.

Fokuset i oppgåva vil vera på norsk ungdom generelt som går på vidaregåande. Oppgåva vil ta føre seg korleis klassesetilhøyrighet og ungdoms sosiale bakgrunn spelar inn på deira skulegong og skuleval, samt kva vi kan gjere både som samfunn og enkeltindivid for å forhindre fråfall.

### 1.2 – Problemstilling

«Kva betydning kan sosial klasse ha for fråfall i skulen?»

### 1.3 – Oppgåvas oppbygging

Oppbygginga av oppgåva vil bestå av ein teoridel der eg fyrst kjem med ei forklaring på viktige omgrep eg meiner står sentralt i oppgåva. I oppgåvas teoridelen vil det bli presentert ulike teoretiske tilnærmingar som er relevante for problemstillinga, samt ulike

årsaksforklaringar og tiltak som kan bli iverksett for å redusere fråfall. I denne delen vil det òg bli presentert ulik faglitteratur som er brukt. Både pensumlitteratur og sjølvvalt litteratur som har vore relevant i forhold til å svare på problemstillinga.

I oppgåvas metodedel vil det kome ei forklaring på kva metode som er brukt, kvifor denne metoden er valt og typiske kjenneteikn ved den. Det vil òg bli forklart framgangsmåten som er blitt brukt for å hente inn stoff til oppgåva.

Etter metodedel kjem oppgåvas diskusjonsdel. Her vil det bli trekt fram hovudfunn med utgangspunkt i teoridelen, og diskusjon både for og i mot problemstillinga. Her vil det òg kome personlege erfaringar og meiningar rundt tema og problemstilling.

Til slutt i oppgåva vil det kome ein konklusjon. I konklusjonen vil det kome svar på problemstillinga, samt personlege refleksjonar rundt tema og problemstilling.

## 2.0 – Teori

I denne delen av oppgåva, vil det bli gjort greie for dei teoretiske tilnærmingane som er valt ut for å svare på problemstillinga. Oppgåva tek utgangspunkt i Pierre Bourdieu sin teori om kapital, og Erving Goffman sin teori om roller og sosial interaksjon. Grunngevinga for valet av desse to teoretikarane og tilnærmingane er for å sjå på fråfall både frå eit strukturnivå, gjennom Bourdieu sin teori, og eit aktørnivå, gjennom Goffman sin teori. Døme på korleis vi kan knyte desse to tilnærmingane opp mot dagleglivet, er ved å sjå på fråfall frå eit strukturnivå, skapt gjennom t.d. dei ulike skulereformane, og korleis skulesystemet er tilpassa enkeltelevar. Frå eit aktørnivå kan vi knyte det opp mot ungdoms psykososiale utfordringar, samt andre utfordringar ungdom kan møte på i løpet av sitt utdanningsløp.

Tidligare studier peikar på at desse tilnærmingane kan kombinerast for å sjå på kva betydning sosial klasse kan ha for fråfall, både frå eit strukturnivå og eit aktørnivå. Dette for å forstå betre kvifor ungdom vel som dei gjer.

Før oppgåva går nærmare inn på dei teoretiske tilnærmingane og tematikken om fråfall, vil det kome eit par omgrepsforklaringar som kan vera lurt å ha i bakhovudet gjennom resten av oppgåva.

### 2.1 – Omgrepsforklaring

**Kapital:** Pierre Bourdieu er ein av dei fremste tenkarane og samfunnsvitarane innan sosiologifaget, og han har utmerka seg innan faget med sitt syn på makt og maktforhold i samfunnet, samt sine kapitalformer. Det er kapitalformene som skal vera fokuset i denne

oppgåva, og som skal bli brukt for å sjå samanhengar mellom utdanningval, fråfall og sosial klasse. Bourdieu skil mellom tre sentrale kapitalformer; kulturell-, økonomisk- og sosial kapital. Han meinte at kapital er det som blir oppfatta og akseptert som verdifullt av individ i ein kultur. Den kulturelle kapitalen kan anskaffast i varierende grad, og er avhengig av periode, samfunn og sosial klasse. Den økonomiske kapitalen er velstand enten arva eller generert av samspel mellom individ og økonomi. Dette er den kapitalforma som er mest sanksjonert fordi den er mest synleg. Den siste kapitalforma Bourdieu tok føre seg er den sosiale kapitalen. Dette er summen av dei faktiske og potensielle ressursane som er knytt til meir eller mindre institusjonaliserte forhold med gjensidighet, bekjentskap og anerkjennelse (Bourdieu, 2002, s.286). Den sosiale kapitalen avhenger av storleiken på eins nettverk, og eksisterer berre i faktiske og praktiske tilstandar.

**Sosial interaksjon:** Interaksjon er ein betegnelse på samspel mellom to eller fleire aktørar i aktivitet med kvarandre. Mange sosiologar ser på sosial interaksjon som ein nøkkel for å forstå samfunnet og sosial aktivitet (Noack & Tjora, 2018). Eit sentralt omgrep å dra inn når ein pratar om sosial interaksjon er roller, som det kjem ein forklaring på under. I alle typar sosial interaksjon inntar vi ulike roller.

**Rolle:** Ei rolle er summen av dei forventningane og normene som er knyt til ei bestemt oppgåve eller stilling (Westersjø & Andreassen, 2010, s.23). I løpet av ein dag spelar alle individ mange ulike roller. Vi har roller som t.d. elev, venn, forelder, barnebarn, arbeidstakar osv. Vi kan skilje mellom tildelte og erverva roller. Dei tildelte rollene er dei rollene vi blir fødd inn i, medan dei erverva rollene er dei rollene vi tileignar oss sjølv (Westersjø & Andreassen, 2010, s.23).

**Sosial klasse:** Klasse blir fyrst og fremst brukt for å beskrive og analysere forhold mellom ulike grupper i samfunnet. Sosiale klassar blir delt inn etter blant anna inntekt, formue og utdanning. Klasseomgrepet blir lite brukt i vår verden i dag, som kan skyldast at forskjellane i samfunnet blir oppfatta som små, og at verdiar og livsstil òg blir meir einsarta mellom innbyggjarar (Westersjø & Andreassen, 2010, s.267).

**Fråfall:** Definisjonen på fråfall er «ikke oppnådd studie- eller yrkeskompetanse fem år etter at man har startet i videregående opplæring» (Reegård & Rogstad, 2016, s.11). Denne definisjonen er satt av utdanningsmyndighetene som ein målings- og styringsindikator på kven som fullfører vidaregåande opplæring innanfor den gitte tidsperioden og ikkje.

## 2.2 – Kapital og sosial interaksjon

Som nemnt innleiingsvis, har eg valt ut Bourdieu sine kapitalformer og Goffman sin teori og sosial interaksjon som dei to teoretiske tilnærmingane oppgåva fokuserer på. Eg har valt desse to tilnærmingane fordi dei er sentrale i forhold til å sjå på fråfall både som eit samfunnsskapt problem og som eit individskapt problem. Ein kan òg bruke begge tilnærmingane for å få ein forståelse for kva betydning sosial klasse kan ha for fråfall i skulen.

Alle dei tre kapitalformene til Bourdieu kan brukast til å sjå kva sosiale klasse ein hamnar i frå eit strukturnivå. Dess betre både kulturell-, økonomisk-, og sosial kapital ein har, dess betre sosiale klasse tilhøyrer ein.

Goffman er ein annan sentral forskar innanfor sosiologien. Han er mest kjent for sine teoriar innanfor rolle og dei symbolske aspekta ved samhandling mellom individ (Tjora, 2020). Han bruke ein teaterscene for å forklare korleis det sosiale liv utspelte seg i verkelegheita. Ut i frå denne dramaturgiske metaforen oppsto omgrepa «frontstage» og «backstage», som beskriv korleis folk opptrer i ulike settingar (Tjora, 2020). Goffman blir grunna desse omgrepa, rekna som ein av dei viktigaste sosiologane når det kjem til korleis interaksjon mellom individ formar samfunnet og samfunnsendingar (Tjora, 2020). Korleis vi kan knyte omgrepa «frontstage» og «backstage» til fråfall i skulen, er ved å sjå kva ulike roller vi inntar i løpet av ein dag. Som ungdom kan det vera utfordrande å tilpasse seg ulike roller etter ulike settingar, blant anna kan det då vera utfordrande å ha ei heilt anna frontstage-rolle, altså den rolla ein har t.d. på skulen, enn backstage-rolla ein inntar når ein er t.d. heime. Desse kontrastane mellom dei ulike rollene kan gjere at ungdom lettare utviklar psykososiale problem, som gjer at dei lettare hamnar i fråfallskategorien. Dette skal oppgåva kome nærmare innpå i diskusjonsdelen.

Ut i frå at Goffman såg på samfunnet frå eit aktørnivå, og korleis individ samhandlar med kvarandre, kan vi sei at det er motsetning til Bourdieu, som såg på samfunnet frå eit aktørnivå. Difor er desse tilnærmingane passande til denne oppgåva, for å få eit innblikk både frå aktør- og strukturnivå.



### 2.3 – Fråfall og ulike skulereformar

I introduksjonskapittelet i boka til Reegård og Rogstad, om fråfall i vidaregåande opplæring, prøver dei å finne ut kva fråfall er. I tillegg til dette undersøker dei kortid fråfall blir eit problem, og for kven det er eit problem. Det som er viktig når vi ser på fråfall, er å sjå på det som noko individuelt, og ikkje som eit fenomen (Reegård & Rogstad, 2016, s.10). Fråfallet er størst på yrkesfagleg utdanning, og det er dette boka til Reegård og Rogstad fyrst og fremst tek føre seg. Boka tek òg føre seg ulike forklaringar for kvifor dei fokuserer på yrkesfag. «En av de forklaringane er *hvem* som starter på yrkesfag, deres sosiale bakgrunn og motivasjon for skolebasert læring» (Reegård & Rogstad, 2016, s.10).

Fråfall er ikkje eit nytt samfunnsproblem, men fekk fotfeste i kjølevatnet av Reform 94 (Reegård & Rogstad, 2016, s.13). Reform 94 var lovfestinga av rett til vidaregåande opplæring, og den førte med seg ein stor andel fleire ungdommar som byrja på vidaregåande. Motivasjonen for å få ei slik innføring var mellom anna at det var høg arbeidsledighet blant ungdom før denne tida, og at ein slik reform ville bidra til å jamne ut sosiale ulikheiter blant ungdom (Reegård & Rogstad, 2016, s.13).

Det byrja å bli nokre år sidan 1994, og sidan den tid har det kome fleire nye fagfornyelsar, deriblant Kunnskapsløftet. Kunnskapsløftet er ein skulereform i grunnskulen og vidaregåande opplæring som blei vedtatt på Stortinget i juni 2004, og som trådde i kraft hausten 2006. Denne nye skulereforma førte til endring i læreplanen, vurderingssystem og struktur (Nilssen, 2020). Skulen er i vår tid ein viktig samfunnsinstitusjon, og i tillegg til å påverke samfunnsutviklinga blir skulen òg påverka av samfunnsendringar (Dale, 2010, s.15). Samfunnet i dag blir meir og meir mangfoldig og fleirkulturelt. Dette er fordi det har dei siste åra blitt meir innvandring i Noreg, både i form av individ som er på flukt frå eige land, og individ som kjem til landet for å arbeide. At samfunnet har blitt meir mangfoldig og fleirkulturelt fører blant anna med seg fleire ulike språk og kulturar inn i skulen.

Ein av forutsetningane og intensjonane med Kunnskapsløftet var å gje elevar fleire valmoglegheiter, samt at fleire kunne få moglegheit til å gå ut i lære (Hovdhaugen, 2012, s.34). Kunnskapsløftet skulle bidra til at alle elevgrupper fekk moglegheit til betre læring. Viss vi drar samanlikning mellom Reform 94 og Kunnskapsløftet, er det ikkje store endringane som har skjedd. Gjennom Kunnskapsløftet blei læreplana som blei introdusert i Reform 94 meir tydeleggjorde og reindyrka, slik at elevane fekk klare mål for opplæringa (Hovdhaugen, 2012, s.30). Sjølv om det ikkje var store endringar i skuletilbud, var det endringar i strukturen. Slike endringar kan ha innflytelse på både kva elevar vel, deira gjennomføring og kompetanseoppnåelse (Hovdhaugen, 2012, s.30).

Med eit samfunn i stadig endring, krev det at skulane heng med på den same utviklinga. Sjølv om Kunnskapsløftet 2006 var ei forbetring av Reform 94, er det alltid rom for enda meir forbetring når det kjem til skule, undervisning og læring. No, i 2021 er det Kunnskapsløftet som er den gjeldande læreplanen for alle skuletrinn i Noreg. Ein læreplan fortel oss noko om kva som skal bli gjort i dei ulike faga, på ulike klassetrinn. Hausten 2020 kom det som blir kalla Fagfornyelsen. Dette er ein prosess som skal fornye læreplanen i Kunnskapsløftet.

I Stortingsmelding 28 frå 2016, skriv Kunnskapsdepartementet at målet med Fagfornyelsen er at elevar skal få betre læring og forståelse for faga i skulen. «Hovedprinsippene fra Kunnskapsløftet skal ligge fast. En Fagfornyelse slik departementet legger opp til i denne meldingen, skal fornye og forbedre gjeldene læreplan for fag i Kunnskapsløftet. Læreplanen skal fremdeles ha kompetansemål, og elevenes utvikling av grunnleggende ferdigheter skal fremdeles være sentral i opplæringen» (Kunnskapsdepartementet, 2016, s.26). Dei skriv òg i Stortingsmeldinga at Fagfornyelsen skal føregå på ein systematisk måte. Kvar enkelt fag skal gjennomgåast, og det skal definerast kva som er fagets kjerneelement og kjernebegrep (Kunnskapsdepartementet, 2016, s.34). «Kjerneelementene i ett fag er det elevene må lære for å kunne mestre og anvende faget, det mest betydningsfulle faglige innholdet elevene skal arbeide med i opplæringen» (Kunnskapsdepartementet, 2016, s.34).

I ein kronikk henta frå VG skriv kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby at vidaregåande opplæring legg eit avgjerande grunnlag for elevar, og at rundt 1/5 av elevar som startar på vidaregåande ikkje har fullført etter fem år. Som nemnt kom den fyrste skulereforma i 1994, som er over 20 år sidan. Guri Melby skriv at regjeringa føreslår ein samanslåing av nokre fellesfag for at vidaregåande opplæring skal bli betre tilpassa framtidens behov, og fordi elevar i dag ikkje opplev nok dybdeforståelse og valfrihet. I følge den gamle reforma frå 1994, opptar skulens fellesfag nærmare 70% av tida til elevane på studiespesialisering, og det blir lite tid til fordjuping og valfrihet (Melby, 2020).

Forslaget til Melby har skapt sterke reaksjonar hos mange, deriblant i utdanningssektoren og hos Norsk Lektorlag. Leiar i Norsk Lektorlag, Rita Helgesen uttalte seg til nettavisa «klassekampen» angående Melby sin uttalelse. Der seier ho at «vi har nettopp vært gjennom en gjennomtenkt fagfornyelse med nye læreplaner i alle fag, og så vil regjeringen med et pennestrøk ta dette bort og erstatte det med noe ingen har ønsket seg» (Helgesen, klassekampen, 2021).

Som vi kan sjå her er det ueinigheiter mellom politikar Guri Melby og leiar i Norsk Lektorlag, Rita Helgesen. Medan Melby meiner at fleire av fellesfaga ein har på vidaregåande bør slåast saman til eit, meiner Helgesen at det beste er å ha det slik det er no, med tanke på Fagfornyelsen skulane nettopp har vore gjennom.

### 2.3.1 – Årsaker til fråfall

Det finnes fleire ulike årsaksfaktorar til at ungdom hamnar i «fråfallskategorien». Vi kan dele årsakene inn i strukturelle faktorar og individuelle faktorar (Sandal, 2014, s.7). Grunngeving på desse to årsakskategoriane vil kome litt seinare i avsnittet. Som definisjonen på fråfall seier, er fråfall «ikke oppnådd studie- eller yrkeskompetanse 5 år etter start i vidaregåande opplæring» (Reegård & Rogstad, 2016, s.11). Men det betyr ikkje at det berre er dei som aldri fullfører som hamnar i «fråfallskategorien». Vi har òg blant anna dei som har fullført på sjetten året, og dei som har fullført heile utdanningsløpet, men med stryk i eit eller fleire fag (Reegård & Rogstad, 2016, s.12). Forklaring på kvifor noko faller frå, eller brukar lengre tid på å fullføre vidaregåande opplæring, kan som nemnt delast inn i strukturelle og individuelle faktorar.

Dei strukturelle faktorane som skal spele inn på fråfall kan t.d. vera sosial bakgrunn og foreldre si innverknad (Sandal, 2014, s.7). I boka om *ungdom og utdanningval*, skriv Ann Karin Sandal at sjansen for å velje riktig og å lukkast med utdanningval har samanheng med eleven sin sosioøkonomiske bakgrunn og støtte i familien (Sandal, 2014, s.7). Dette kan vi sjå i samanheng med Bourdieu sine kapitalformer, òg med bakgrunnskunnskap om at elevar har ulik kulturell og sosial kapital, som bidreg til å skape forskjellar blant individ. Ein annan strukturell faktor som kan spele inn på kvifor ungdom faller frå, kan vera at skulen rett og slett blir for teoretisk. Om ein allereie er skulelei og slit med å finne motivasjon til å fullføre vidaregåande opplæring, kan meir praktiske skulefag vera nøkkelen til å forhindre fråfall. Meir praktisk undervisning vil oppgåva ta føre seg under neste delkapittel, som handlar om tiltak for å redusere fråfall i skulen.

Ein viktig individuell faktor som kan trekkast fram når det er snakk om å forstå fråfall, er psykisk helse. Døme som atferdsproblem, depresjon, angst og rusproblem er alle problem som kan oppstå i ungdomstida (Reegård & Rogstad, 2016, s.15). Dette, saman med kjensla om å føle seg einsam og mangel på meistring aukar sannsynleggheta for fråfall (Reegård & Rogstad, 2016, s.15).

Verda vi lev i er i stadig utvikling, og har dei siste tiåra blitt meir og meir globalisert. Ein av måtane vi kan sjå at verda har blitt meir globalisert på er ved at internett har blitt ein sentral plattform, og at alt er meir tilgjengeleg via internett. Internett og sosiale medier er blitt ein stor del av dagens ungdom sin kvardag. Mange brukar tida si på t.d. online gaming, eller på å bla seg gjennom bileter på instagram.

Instagram er ein sosiale medier-app der ein kan dele bileter og små glimt frå kvardagen sin. Som ein av dei største plattformane blant dagens ungdom, kan instagram bli sett på som ein stor bidragsytar til at ungdom samanliknar seg sjølv med andre. Gjennom å sjå kva andre postar som kan bli oppfatta som «det perfekte», kan det vera med på å skape t.d. dårleg sjølvbilete, som igjen kan føra til at ungdom isolerer seg, hamnar utanfor, får depresjon eller hamnar i fråfalls-kategorien. Korleis ungdom framstiller seg sjølv på sosiale medier som t.d. instagram versus korleis dei er «i verkelegheita», kan vi sjå på når vi snakkar om Goffman sin dramaturgiske metafor, og hans frontstage og backstage.

«Livet er alltid forankret i ein stedlig sammenheng, vi er med andre ord alltid i et rom» (Henriksen, Levang, Skaar & Tjora, 2017, s.161). I sosiologifaget kan omgrepet «rom» brukast til både konkrete og abstrakte ting. Rom kan vera konkret i form av ein bygning, eller abstrakt i form av vårt indre psykiske rom der tankane våre bur (Henriksen et.al, 2017, s.161). I denne samanheng, når vi snakkar om sosiale medier, kan vi bruke «rom» som ein abstrakt ting, og som eit tilfluktssted for ungdom. Goffman sine omgrep om frontstage og backstage kan vi bruke til å forstå korleis ein situasjon og det fysiske rom vi interagerer med andre i, legg føring for korleis vi opptre og presenterer oss sjølv for kvarandre (Henriksen et.al 2017, s.162).

Vi kan knyte frontstage og backstage saman med sosiale medier som instagram i den samanheng at ungdom går inn i backstage-rolla når dei sit bak telefonskjermene sine og ser kva andre legg ut. Frontstage-rolla får man når man t.d. legg ut sine bileter. Då prøver ein å framstille seg sjølv på best mogleg måte, og byggjar ein fasade som skal vera mest mogleg truverdig for andre i samfunnet (Henriksen et.al, 2017, s.163).

Årsakar til fråfall er samansett, og det finnes ingen enkle grep som vil snu situasjonen øyeblikkeleg. Det er behov for innsats på alle nivå, både frå blant anna elevar, lærarar, foreldre og skuleleiinga (Hernes, 2010, s. 35). Hernes skriv òg at eit viktig poeng når det gjeld fråfall og konsekvensar av dette, er at dei som har minst heimefrå er dei som tapar mest om/når skulen sviktar (Hernes, 2010, s. 35).

### 2.3.2 – Tiltak for å redusere fråfall

I ein forskningsrapport frå Høgskulen i Sørøst-Noreg, fakultet for helsevitenskap, skriv Bengt Karlsson og Vibeke Krane om «hvordan redusere frafall blant elever i vidaregåande opplæring». Denne oppgåva skal blant anna ta føre seg to av dei ulike tiltaksformene dei skriv om i sin rapport. Desse to tiltaka er rådgiving og karriereveiledning, samt praksis i yrkesutdanning.

Rådgiving og karriereveiledning er eit tiltak som skal bidra til å gje elevar råd når dei skal føreta sine val knytt til utdanning. Dette skal vera eit bidrag til å få elevar til å tenkje langsiktig, samt få dei til å velje den studieretninga og utdanninga som er riktig for kvar enkelte (Karlsson & Krane, 2016, s.17). Som ein del av Kunnskapsløftet 2006 kom fokuset på styrka rådgiving og karriereveiledning for ungdomsskuleelevar og vidaregåandeelevar, og det blei innført to nye fag i skulen; utdanningsval i ungdomsskulen og prosjekt til fordjuping i vidaregåande skule. Dette skulle bidra til reflektering og langsiktige val i vidare utdanningsforløp (Karlsson & Krane, 2016, s.17).

Praksis i yrkesutdanningar har som hensikt å leggje til rette for kva kvar enkelt elev ser på som vanskeleg eller utfordrande i den tradisjonelle teoriundervisninga. Difor er eit tiltak å knyte teoriundervisning tett saman med dei yrkesfaga som elevar vel. Mange ungdommar vel yrkesbasert utdanning fordi dei er lei av den tradisjonelle skulegangen med berre teori. Difor kan praksisbasert undervisning vera eit forsøk på å oppmuntre ungdom til å fullføre vidaregåande opplæring (Karlsson & Krane, 2016, s.18). Ein av fordelane med praksis i yrkesutdanning er at dette er meir tilpassa dei som allereie er skulelei og er lite motivert for lange dagar med berre teori. Difor er yrkesbasert utdanning ei fin løysning som gjer undervisninga meir praktisk, og mindre teoretisk. Elevane lærar framleis det same, berre gjennom det å faktisk gjere oppgåver, istadenfor å høyre og å bli fortalt korleis dei skal gjere oppgåvene.

Tidleg innsats er eit anna tiltak som kan forhindre fråfall i vidaregåande opplæring, og då snakkar vi om innsats allereie før skulestart. Hernes skriv at «noe av det aller viktigste grunnlaget for å lykkes legges allerede før elevene begynner på skolen: i det foreldre makter å gi de fyrste årene, i miljøet de vokser opp i og i den eventuelle førskoleopplæringen de får» (Hernes, 2010, s.38). I ein NOU-rapport frå 2019 blir det skreve at «ein viktig årsak til fråfall i vidaregåande skule er at ein del elevar har svake faglege forutsetningar frå grunnskulen» og at «tidleg innsats er viktig for å utvikle eit breidt kompetansegrunnlag» (NOU 2019:2, s.99-100). Det som legges i dette er at tidleg innsats må til, ikkje berre for at elevar skal få eit breiare kompetansegrunnlag fagleg, men òg for å betre deira sosiale og emosjonelle

ferdigheiter (NOU 2019:2, s.100).

I den samanheng det blir snakka om tidleg innsats og kva rolle foreldre spelar på barns utdanning, kan vi dra inn Diane Reay, og hennar vidareutvikling av kapitalomgrepet. Reay tok føre seg ei ny form for kapitalomgrepet til Bourdieu, nemleg *emosjonell kapital*. Dette gjorde ho for å utforske nokon av klasse- og kjønnsprosessane innebygd i foreldre sitt engasjement i utdanninga til deira barn. Emosjonell kapital er emosjonelle ressursar som er samla opp over tid i ein familie. Teksten til Reay er eit forsøk på å utvide Bourdieu sitt konsept om kapital, og ser hovudsakeleg på mødre si emosjonelle involvering i barns utdanning. Forholdet mellom utdanningssuksess, emosjonell kapital og kjenslemessig velvære, og omfanget av overlapping og forskjell mellom dei, kan gje mange nye måtar å forstå korleis ei rekke ulemper som kryssklassebarrierar produserast i moderne pedagogiske marknaden (Reay, 2000, s.583). Den emosjonelle kapitalen kan vi knyte opp til kulturell kapital, og at jo meir kulturell kapital ein har, jo meir emosjonell kapital har ein å gje til sine barn. Sosioøkonomisk bakgrunn, og då særleg foreldre sitt utdanningsnivå har stor samanheng med kva resultat og retning barn vel når det kjem til utdanning (NOU 2019:2, s. 102).

#### 2.4 – Ulikhet i samfunnet

Ulikhet er eit mykje brukt omgrep i sosiologien. Det inneber at ressursar, goder, status og makt er systematisk skeivfordelt mellom individ og grupper i eit samfunn. Historisk har det utvikla seg ein grunnleggande ulikhet mellom samfunnsmessige klassar. Denne grunnleggande ulikheita inneber at dei ulike skeivfordelingane faller saman og forsterkar kvarandre. Dette fører til at dei ressurssterke og rike i samfunnet får mykje makt og høg status, medan dei ressursvake og fattige har låg status og lite makt (Grønmo, et.al., 2021, s.12).

Som nemnt i delkapittel 2.2, er ein av dei sosiologiske tilnærmingane oppgåva tek føre seg, Bourdieu sine kapitalformer. Den franske sosiologien skiljar mellom ulike former for kapital, og då særleg økonomisk, sosial og kulturell kapital (Grønmo, et al, 2021, s.20). Økonomisk kapital omfattar pengar og materielle verdiar. Sosial kapital handlar om sosiale relasjonar og nettverk. Kulturell kapital omhandlar ressursar i form av kunnskap, idear, språkbruk og vanar. Alle desse tre kapitalformene gir grunnlag for ulikhet, fordi dei kan brukast til å identifisere kvar enkelt individ i samfunnet si plassert i forhold til andre individ (Grønmo, et al, 2021, s.20). Ut i frå Bourdieu sine kapitalformer kan vi plassere individ i ulike sosiale klassar i samfunnet. Ved å ha kapitalformene i bakhovudet når vi ser på fråfall som fenomen, kan vi sjå på samanhengen mellom kven som har mykje eller lite av dei ulike

kapitalformene opp mot kven som hamnar i fråfallskategorien og ikkje.

Ikkje berre innad i Noreg finnes det ulikhet i samfunnet knyt til utdanning og fråfall. Vi kan sjå på forskjellar mellom Noreg og andre land, som t.d. Danmark. Danmark har ein heilt annan definisjon på kva fråfall er. Der blir fråfall definert som «ikke bestått videregående opplæring 25 år etter avsluttet grunnskole» (Reegård & Rogstad, 2016, s.12). Her kan vi stille oss spørsmålet om kvifor fråfall er så ulikt definert frå land til land, og om fråfallet i Noreg ville vore mindre om definisjonen hadde vore annleis? Dette skal eg kome nærmare inn på seinare i oppgåva, i eit eige avsnitt i diskusjonsdelen.

Forskjellen på fråfallsdefinisjonen i Noreg og Danmark er som natt og dag. I artikkelen «Frafall i utdanning for 16 – 20 åringer i Norden», blir det skreve om fråfall i kvar enkelt, nordisk land. Christian Helms Jørgensen, professor ved Roskilde universitet, skriv i sitt kapittel om «fracfald i de danske ungdomsuddannelser», om fråfallet i Danmark. Sjølv om det finnes lite forskning på fråfall i Danmark, skriv han i dette kapittelet litt om dei eksisterande undersøkingane og forkingane som er gjort. Her ligg hovudfokuset på yrkesfaglege utdanningar (Jørgensen, 2010, s.31). Han skriv blant anna òg om kven som faller frå, kva betydning skulane og undervisningmiljøet har for fråfall, og kor dei unge endar opp når dei hamnar i fråfallskategorien.

Med likhet til Noreg kan vi sjå i denne artikkelen at risikoen for å falle frå aukar viss foreldra har låg utdanning, eller viss ungdommens føresettt er einsleg. Den kulturelle kapitalen spelar òg ei rolle når det kjem til fråfallet i Danmark, der dei med betre kulturell kapital har større sjanse for å fullføre. I tillegg viser undersøkingar i landet at eit godt undervisningsmiljø betyr mindre fråfall, og at det fyrst og fremst er det sosiale undervisningsmiljøet som har ein positiv effekt på det å fullføre utdanninga (Jørgensen, 2010, s.40).

#### 2.4.1 – Utdanning og ulikhet

Som eit av verdas rikaste land, er Noregs befolkning heldige og privilegerte med sine mange utdanningsmoglegheiter. I Noreg er det gode moglegheiter for å ta ei utdanning, uavhengig av kva inntekt eins foreldre har. Både grunnskule og vidaregåande opplæring er gratis, det same gjeld òg offentlege institusjonar for høgare utdanning. Statens lånekasse for utdanning gir stipend til studentar og studielån som er rente- og avdragsfritt i studietida. Til tross for dette, har foreldres utdanningsnivå større betydning for barns deltaking i utdanning i Noreg enn i mange andre land (NOU 2019:2, s.102).

Skule og utdanning er ein sentral del av ungdom sin oppvekst, og liv generelt. Eit gjengåande tema når det er snakk om utdanning og ulikhet, er sosial klasse, og dets betydning.

Ein sosial klasse er som nemnt tidligare i oppgåva, ei gruppe individ som blir delt inn etter blant anna inntekt, formue og utdanning, og at dette er nok så likt hos dei som tilhøyrrer denne sosiale klassen. Utdanninga ein oppnår blir påverka av familiens ressursar og omgivnadane eit individ veks opp i. Ungdommar som kjem frå familiar med høg kulturell og økonomisk kapital, har større sannsynlegheit for å gjere det bra utdanningsmessig (Knudsen, 2021, s.135).

Habitus er eit omgrep som stammar frå Bourdieu sitt forsøk på å løyse handling-struktur-problematikken gjennom konstruktivistisk-strukturalistisk teori om praksis, makt og reproduksjon av ulikhet (Korsnes, 2008, s.101). Av den grunn, må det òg setjast i relasjon til blant anna sosialt rom og dei tre kapitalformene; kulturell, økonomisk og sosial (Korsnes, 2008, s.102). Ein habitus vil vera med på å skape reproduksjon av makt og ulikhet i samfunnet. Dette vil òg føre til reproduksjon av makt og ulikhet òg i skulen. Som det blei referert til i avsnittet over, seier Knudsen at dei som kjem frå familiar med høgare kulturell kapital, har òg større sannsynlegheit for å gjere det bra utdanningsmessig (Knudsen, 2021, s.135).

Sjølv om dette i hovudsak handlar om høgare utdanning, kan vi dra samanlikning med kven som fall frå i vidaregåande opplæring. Dei som fullfører vidaregåande opplæring er òg dei som oppnår høgare utdanning. Unge frå ressurssterke heimar gjer det betre og har mindre fråfall enn dei som kjem frå heimar med begrensa ressursar (Knudsen, 2021, s.141).

#### 2.4.2 – Kjønnsforskjellar

Så langt i oppgåva har det sentrale fokuset vore på sosial klasse og dets betydning for fråfall. Sjølv om det er dette problemstillinga i oppgåva handlar om, er ein anna sentral problematikk å sjå på, kjønnsforskjellar i vidaregåande opplæring. Er det slik at det er likt fråfall blant jenter og gutar, og viss ikkje; kva er grunnen til at det eventuelt er forskjellar? Sidan denne oppgåva tek føre seg fråfall i vidaregåande opplæring, vil dette delkapittelet hovudsakeleg ta føre seg yrkesfagleg studieretning.

Kjønn er på mange måtar avgjerande for å forstå kvifor ungdommar vel dei yrkesretningane og utdanningane dei gjer. «Gutter slutter mest på skolen, men ikke nødvendigvis fordi de er gutter» (Vogt, 2008, s.535). Sidan fleirtalet av dei som faller frå i skulen går yrkesfag, og dei fleste som går yrkesfag er gutar, kan vi sjå at det er fleire gutar enn jenter som faller frå i løpet av vidaregåande opplæring.



Det er eit velkjent fenomen at gutar har lågare gjennomsnittskarakter enn jenter (Vogt, 2008, s.524). Når det gjeld yrkesfag er det vanskelegare å få seg lærlingsplass, dess dårlegare karakter ein har. Det at ein ikkje har fått seg læreoppgåve kan føre til at ein tek seg eit pauseår eller droppar heilt ut frå utdanningsløpet.

### 3.0 – Metode

Når ein driv med samfunnsvitskapleg forskning er det nødvendig å bruke enten metode eller litteratursøk for å tileigne seg ny kunnskap om tema ein forskar på. Metodebruken i denne oppgåva er litteraturstudie. Det går ut på å tileigne seg ny kunnskap gjennom artiklar, bøker, tidsskrift etc.

Grunngjevinga for val av litteraturstudie i denne oppgåva, er fordi fråfall kan vera eit personleg og sårt tema for mange ungdommar. Personleg trur eg det hadde vore vanskeleg å få ærlege intervju eller svar på undersøkingar om årsaker til fråfall, nettopp på grunn av at det er så tabubelagt å prate om, samt eit sårt tema. Min teori er at eg ville fått fire forskjellige svar, ut i frå om eg hadde intervjuet ungdommane sjølv, foreldra deira, lærarar eller skuleleiinga. I tillegg fann eg mange gode artiklar og bøker på dette temaet, og difor falt metodevalet mitt på litteraturstudie.

Ei teoretisk oppgåve er ei oppgåve som byggjer på data og materialet henta frå bøker, artiklar og anna skriftlege kilder (Pettersen, 2016, s. 150). For å finne relevant litteratur til oppgåva har eg hovudsakeleg brukt IDUNN, og søkeord som «fråfall, ungdom, vidaregåande opplæring». Ut i frå dette har eg funne mange gode artiklar som omhandlar temaet. I tillegg til IDUNN har eg brukt biblioteket på Høgskulen, og funne fleire gode bøker der.

### 4.0 – Diskusjon

Så langt i oppgåva har eg tatt føre meg dei ulike teoretiske tilnærmingane, og sett på dei opp mot fråfall i vidaregåande opplæring. I denne delen av oppgåva vil det føregå ein diskusjon om kor vidt sosial klasse har betydning for fråfall i skulen. Sjølv om klasseforskjellane er mindre synlege no enn det dei var for berre nokre tiåra sidan, kan vi ut i frå studier, litteratur og forskning sjå at dei som tilhøyrrer lågare samfunnsskassar har større sannsynlegheit for å falle frå i løpet av sitt utdanningsløp. Kvifor det er slik, og kva samanheng sosial klasse og fråfall har, skal diskuterast både for og i mot, i komande avsnitt.

Som nemnt tidligare er ikkje fråfall eit resultat av ein enkelt utfordring, men årsakene er samansette, og det finnes ingen enkle grep som vil snu situasjonen øyeblikkeleg (Hernes,

2010, s.35). I ein NOU-rapport frå 2018 kan vi lese at for å finne ut korleis vi skal få fleire ungdommar til å lukkast i vidaregåande opplæring, er vi nødt til å vite kva faktorar som har betydning for gjennomførelen og ikkje (NOU 2018:15, s.181).

I dei følgjande delkapitla vil eg dra fram sentrale funn oppgåva tek føre seg. Det vil òg argumenterast både for og i mot om fråfallsdefinisjonen er for streng, fråfall som både samfunnsskapt og individskapt problem, og om i kva grad dei tiltaka som blir iversett fungerer.

#### 4.1 – Fråfallets definisjon – for streng?

«Dersom myndighetene hadde utvidet femårsgrensen, ville fråfallet vert betydelig lavere også her til lands» (Reegård & Rogstad, 2016, s.12).

I delkapittel 2.4, om ulikhet i samfunnet blei det skrevet om Norges fråfallsdefinisjon samanlikna med Danmark sin. Eit spørsmål vi kan stille oss når det gjeld dagens fråfallsdefinisjon, er om fråfallet ville vore mindre om definisjonen ikkje var så streng. I boka til Reegård og Rogstad skriv dei at omtrent 1 av 3 droppar ut av vidaregåande opplæring, og at fråfallet har vore stabilt over lang tid (Reegård & Rogstad, 2016, s.12).

Som vi veit er definisjonen på fråfall i Noreg ««ikke oppnådd studie- eller yrkeskompetanse fem år etter at man har startet i videregående opplæring» (Reegård & Rogstad, 2016, s.11).

Skal vi argumentere *for* den strenge definisjonen av fråfall, kan den bidra til at dagens ungdom vil finne motivasjon til å faktisk klare og fullføre sin skulegang. Her igjen kan denne motivasjonen eigen seg best for dei med best utgangspunkt, altså dei med best kulturell, økonomisk og sosial kapital. Eller dei som har klare mål for kva dei ynskjer å oppnå når det kjem til utdanning og jobb. Denne motivasjonen for å faktisk fullføre i løpet av 5 år, og å unngå å hamne i fråfallskategorien kan difor vera best for dei frå høgare sosial klasse.

Når det kjem til om definisjonen er for streng eller ei, støttar eg meg opp under Reegård og Rogstad sitt utsagn når blei presentert innleiingsvis. Eg trur at om fråfallsdefinisjonen hadde vore utvida med t.d. 10 eller 15 år, ville dei som då fullfører på 6.året, eller dei som fullfører heile løpet men med stryk i eit eller fleire fag, mest sannsynlig ha klart å få eit vitnemål før dei hamnar innanfor fråfallskategorien. Dette kunne bidratt til at denne gruppa ville vore mindre, og mest sannsynleg mindre skummel for dagens ungdom.

Eg trur at det å få stampelet som ein som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, kan for mange ha negativt utfall. I tillegg til at det kan gjera mykje med eins sjølvkjensle, vil det òg gjera at det er vanskelegare å koma seg inn på arbeidsmarknaden.

## 4.2 – Fråfall som samfunnsskapt problem

Ein av hovudessensane som har gått igjen i denne oppgåva, er korleis vi kan bruke Bourdieu sine kapitalformer til å forklare fråfall i vidaregåande opplæring. Og korleis kan vi bruke t.d. kulturell kapital til å forklare fråfall frå eit strukturnivå?

Eit av funne eg har gjort meg i dei bøkene, artiklane og tidsskriftene som er brukt til å svare på problemstillinga, er at dess betre kapital ein har, dess betre forutsetningar har ein for å henge med i heile utdanningsløpet. Kvifor det er slik, finnes da mange årsaker til. Årsakene til fråfall er som nemnt tidligare samansett (Hernes, 2010, s.35), og det finnes ingen enkel forklaring på kvifor ungdom tek valet om å droppe ut eller bruke meir enn 5 år på utdanningsløpet sitt.

Skal vi sjå på fråfall som eit samfunnsskapt problem, kan vi blant anna sjå på dei ulike skulereformane vi har hatt dei siste tiåra. Reform 94 blei innført i 1994, og gav ungdom rett til vidaregåande opplæring. Antal ungdom som starta på vidaregåande auka kraftig, og sjølv motivasjonen bak reformen var å jamne ut sosial ulikhet blant ungdom (Reegård & Rogstad, 2016, s.13).

Vidare har vi Kunnskapsløftet som er ei fornying av Reform 94. Med denne reforma fekk ungdommar fleire valmoglegheiter når dei byrja på vidaregåande, samt tydligare læreplan og betre læring i skulen.

Sjølv om slike reformar bidreg til å jamne ut sosial ulikhet blant ungdom, gjer dei òg at fråfallet blir meir tydeleg. Sett ut i frå dette kan vi sei at skulereformar har både positive og negative påverknadar på fråfall som samfunnsskapt problem.

Utelukkande all kunnskap eg har tileigna meg til denne oppgåva, peikar på og meiner at sosial bakgrunn og eins kulturelle kapital er ein avgjerande for sannsynleggheten for fråfall eller ikkje. Dette er ein påstand eg stiller meg bak, og personleg meiner eg at eins kulturelle kapital og sosiale bakgrunn spelar ei stor rolle når det kjem til fråfall. Eg meiner ikkje at alle frå ein lågare sosial klasse faller frå, men at sannsynligheten er større. Dette trur eg har med både t.d. mangel på entusiasme rundt skulegong frå foreldre, lågare ambisjonar og mål når det kjem til utdanning, samt eins sosioøkonomiske bakgrunn å gjere.

## 4.3 – Fråfall som individuelt val

I tillegg til å sjå på fråfall frå eit strukturnivå, og som eit samfunnsskapt problem, er det like viktig å sjå på det som ein individuelt val, frå eit aktørnivå. Det er altså viktig å sjå på fråfall som noko individuelt, og ikkje som ein fenomen (Reegård & Rogstad, 2016, s.10).

Kvifor er det slik at det er kjønnsforskjellar når det kjem til fråfall, og kvifor har gutar

lettare for å falle frå enn jenter? Eit av funne eg fann om kva som kan vera årsak til kjønnsforskjellane, er at fleirtalet av fråfallsstatistikken kjem frå yrkesfagleg opplæring. Personlege opplevingar når det gjeld yrkesfag, er at det er flest gutar som byrjar på denne retninga. Det trur eg det kan vera ulike grunnar til. Personleg trur eg at ein blir påverka av ulike rollemodellar allereie frå ung alder. Dette gjeld sjølvstund både jenter og gutar. Frå ung alder ser ein opp til ulike, viktige personar i eins liv. Gutar kan t.d. bli påverka av fedre eller andre mannlege forbileter som t.d. jobbar innanfor yrkesgrupper som elektrikar, tømrrar eller rørleggjar. Gutar kan òg bli påverka til å ta desse yrkesvala gjennom kva dei ser på på TV eller kva dei leikar med som barn. Når det kjem til jenter kan dei sjå opp til sine mødre eller andre kvinnelege forbileter, som t.d. jobbar innan helsevesenet, eller andre kvinnedominerande yrker. Ut i frå kven ein har som rollemodellar allereie frå ung alder, kan ein òg ha klare tankar om kva ein ynskjer å utdanne seg til. Ut i frå dette trur eg gutar oftare vel å gå yrkesfagleg opplæring, medan jenter oftare vel studiespesialiserande studieretning.

Å sjå på fråfall som eit individuelt val, kan vi knyte opp til Goffman si tilnærming om frontstage og backstage, og hans rolleteori. Kvar dag har vi menneskjer mange ulike roller vi opptre i. Den rolla vi har når vi er saman med andre, altså vår frontstage-rolle, trur eg for mange kan gå ut over eins psykiske helse. Dette vil igjen påverke backstage-rolla vår, altså den rolla vi har når vi er åleine eller saman med t.d. næraste familiar og venar. Grunnen til at vi kan sei at frontstage-rolla kan gå utover eins psykiske helse, kan t.d. vera som nemnt tidligare; sosiale medier og dens påverknad på ungdom. Kvar einaste dag blir dagens ungdom eksponert for det dei oppfattar som andre sine «perfekte liv» på internett og sosiale medier. Å bli påverka på denne måten kan gå ut over eins psykiske helse, som er ein av dei viktigaste, individuelle faktorane som er avgjerande for fråfall. Som følge av psykiske problem, som t.d. depresjon eller angst, trur eg sannsynligheten for fråfall blir større.

For å forhindre at det er individuelle problem som er årsaken til fråfall, trur eg tiltaka som blir iverksett på skulen er svært viktig. Dette skal eg kome nærmare inn på i neste delkapittel, der eg skal diskutere tiltakas funksjon.

Sjølv om det meste av forskning viser til at sosial bakgrunn og eins kapital spelar ei stor rolle når det kjem til fråfall, trur eg det ligg noko i utsagnet; «det er viktig å sjå på fråfall som noko individuelt, og ikkje som eit fenomen» (Reegård & Rogstad, 2016. s.10). Både angst, depresjon, rusproblem etc. er alle faktorar som kan spele inn og forårsake fråfall som eit individuelt val, og frå eit aktørnivå. Difor kan vi sei at fråfall ikkje berre er avhengig av eins sosiale bakgrunn og kor mykje eller lite kapital ein har, men òg om ein slit med individuelle problem.

#### 4.4 – Tiltakas funksjon

Som nemnt tidligare i oppgåva er ikkje fråfall eit resultat av ein enkelt utfordring, men det er eit samansett fenomen av fleire årsaker og utfordringar. Fråfall gjeld ikkje berre dei som sluttar på skulen, men òg dei som fullfører på eit seinare tidspunkt i livet eller dei som fullfører heile utdanningsløpet men med stryk i eit eller fleire fag.

I oppgåvas teoridel blei det presentert fleire ulike tiltak som er i verksett for å forhindre fråfall. I ei masteroppgåve skriv Solveig Marie Borgund eit delkapittel om høve til nye tiltak mot fråfall. Ho skriv at «årsakene til fråfall er mangslungne og konklusjonen er at ein trass i desse opplysningane ikkje kan finne ein «typisk» elev som fell frå» (Borgund 2015: 24) og at «når det kjem til tiltak for å forhindre fråfall er den største utfordringa å skaffe dokumentasjon for kva som faktisk verkar» (Borgund 2015: 24).

Kva tiltak som fungerer mot fråfall trur eg er heilt individuelt, og ein avgjerande faktor er kva utfordring eleven har som er årsaken til at han/ho fell i frå. Ny GIV Overgangsprosjektet er ein nasjonal tiltaksplan som blei innført for å få fleire elevar til å gjennomføre vidaregåande opplæring (Sirnes, 2013). Føremålet med Ny GIV Overgangsprosjektet var å få tidleg innsats inn allereie i grunnskulen. Det skulle kopla grunnskulen og vidaregåande nærmare saman, og få tiltak inn, som nemnt, allereie i grunnskulen og ikkje berre i vidaregåande (Borgund 2015: 25). «Ny GIV kan på mange måtar seiast å vera eit tiltak som såg dagens lys som følgje av at det i dag eksisterer ei norm om at alle skal gjennomføre vidaregåande skule. Fråfall har alltid eksistert, men var ikkje i den grad sett på som eit problem tidligare, slik som i dag» (Borgund 2015: 26).

Som det meste av forskning tilseier, er fråfall samansett av fleire utfordringar, og det er ikkje berre eit tiltak som kan forhindre at ungdom hamnar i denne kategorien. Dette støttar eg meg opp under, og trur at Ny GIV Overgangsprosjektet, med hovudfokus på tidleg innsats er eit av dei tiltaka som fungerer best. Eg trur at dei tiltaka som er presentert i oppgåvas teoridel vil fungere for å forhindre fråfall, men at det er individuelt og veldig forskjellig frå individ til individ kva som funkar, og i kor stor grad tiltaka må iverksettast.

## 5.0 – Konklusjon

Kva betydning har egentlig sosial klasse for fråfall i skulen? Ut i frå alle søka eg har gjort i både bøker, artiklar og tidsskrift, har eg funne ut at sosial klasse har stor betydning på fråfall i vidaregåande opplæring, og utdanning generelt. Den primære forklaringa på ungdommars fråfall, er med andre ord deira sosiale bakgrunn. Dess mindre både kulturell, sosial og økonomisk kapital ein har, dess større er sannsynligheten for at ein faller frå på skulen.

I tillegg viser forskning at «tidligere skuleprestasjoner er den enkeltfaktoren som har størst direkte påvirkning på sannsynligheten for å gjennomføre vidaregåande opplæring» (NOU 2018:15, s.181). og at «unge fra ressurssterke hjem gjør det bedre og har mindre frafall enn de som kommer fra hjem med begrepet ressurser» (Knudsen, 2021, s.141).

Som svar på problemstillinga «kva betydning kan sosial klasse ha for fråfall i skulen?» kan vi med høg sikkerhet sei at sosiale klasse har stor betydning for fråfall i skulen. Dess betre kulturell, økonomisk og sosial kapital ein har, dess større er sannsynlegheten for at ein fullfører heile sitt utdanningsløp, inkludert vidaregåande opplæring.

## Kildeliste

Bourdieu, P. (2002). The forms of Capital. *Reading in Economic Sociology*. 280 – 291.

<https://doi.org/10.1002/9780470755679.ch15>

Korsnes, O. (2008). *Sosiologisk leksikon* (2.utg.) Oslo: Universitetsforlaget.

Reegård, K. & Rogstad, J. (2016). Introduksjon. Reegård, K. & Rogstad, J. (Red.), *De frafalne: om frafall i videregående opplæring* (1.utg, s. 9 – 18). Oslo: Gyldendal.

Reay, D. (2000). A Useful Extension of Bourdieu's Conceptual Framework?: Emotional capital as a way of understanding mothers' involvement in their children's education?. *The Sociological review*. 568 – 585.

<http://doi.org/10.1111/1467-954X.00233>

## Sjølvsvalt litteratur

Borgund, S.M. (2015). *Ny Giv for kven og korleis? Ein studie av Ny Giv overgangsprosjektet på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring opplæring* [Masteroppgåve, institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Norge: Universitetet i Bergen]. Henta frå [https://bora.uib.no/bora-xmllui/bitstream/handle/1956/8289/Masteroppg%C3%A5ve\\_SolveigMBorgund.pdf?sequence=4&isAllowed=y](https://bora.uib.no/bora-xmllui/bitstream/handle/1956/8289/Masteroppg%C3%A5ve_SolveigMBorgund.pdf?sequence=4&isAllowed=y)

Sidespenn: 24 – 31.

Dale, E.L. (2010). Hvorfor kunnskapsløftet?. Dale, E.L. (Red.), *Kunnskapsløftet: på vei mot felles kvalitetsansvar?* (1.utg., s.15 – 57). Oslo: Universitetsforlaget.

Det Kongelige Kunnskapsdepartement (2015 – 2016). *En fornyelse av Kunnskapsløftet*. (Meld. St. 28 (2015-2016)).

Sidespenn: 26 – 55

Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>

- Grønmo, S., Nilsen, A., Christensen, K. (2021). Ulikhet: et samfunnsvitenskapelig tema. Grønmo, S., Nilsen, A., Christensen, K. (Red.), *Ulikhet: sosiologisk perspektiver og analyser* (1.utg., s.13 – 35). Oslo: Fagbokforlaget.
- Henriksen, I.M., Levang, L.E., Skaar, M., Tjora, A. (2017). Rom. Henriksen, I.M., Levang, L.E., Skaar, M., Tjora, A. (Red.), *Vår sosiale virkelighet: en introduksjon til hverdaglivets sosiologi* (1.utg., s.161 – 179). Bergen: Fagbokforlaget.
- Hernes, G. (2010). Del 4 Tiltak: oppfølging, oppfølging, oppfølging! Hernes, G. (Red.) *Gull av gråstein: tiltak for å redusere frafall i videregående opplæring*. (1.utg., s. 35 – 80). Fafo-rapport 2010:03.
- Jørgensen, C.H., (2010). Frafald i de danske ungdomsuddannelser. Eifred Markussen (Red.), *Frafald i utdanning for 16 – 20 åringer i Norden*. København: Nordisk ministerråd. Sidespenn: 19 – 57.
- Karlsson, B., & Krane, V. (2016). *Hvordan redusere frafall blant elever i videregående opplæring – en oppsummering av forskningsbasert kunnskap og praksiser*. (Forskningsrapport, nr.4). Høgskolen i SørØst-Norge: fakultet for helsevitenskap. Sidespenn: 14 – 23.  
Henta frå: <file:///Users/Mari/Downloads/SFPR-rapport%204-2016.pdf>
- Knudsen, K. (2021). Utdanning og ulikhet. Grønmo, S., Nilsen, A., Christensen, K. (Red.), *Ulikhet: sosiologiske perspektiver og analyser* (1.utg., s.129 – 150). Oslo: Fagbokforlaget
- Melby, G. (2021, 20.mars). Vi ønsker en bred debatt om fagene i skolen. *VG*. Henta frå: <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/nA2XOo/vi-oensker-en-bred-debatt-om-fagene-i-skolen>
- Nilssen, F.H. (2020, 26.august). Kunnskapsløftet. Henta frå: <https://snl.no/Kunnskapsl%C3%B8ftet>  
Pr. dato: 08/04-21



- NOU 2018:15. (2018). *Kvalifisering, forbredt og motivert – et kunnskapsgrunnlag og struktur og innhold i videregående opplæring*. Oslo: Departementets sikkerhets- og serviceorganisasjon.  
Sidespenn: 181 – 186.
- NOU 2019:2. (2019). *Fremtidige kompetansebehov II – utfordringer for kompetansepolitikken*. Oslo: Departementets sikkerhets- og serviceorganisasjon.  
Sidespenn: 98 – 116.
- Pettersen, R.C. (2016). *Oppgaveskrivingens abc – veileder og førstehjelp for bachelorstudenter* (2.utg). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandal, A.K. (2014). Forsking på ungdom og utdanningsval. Sandal, A.K. (Red.), *Ungdom og utdanningsval: om elever sine opplevingar av val og overgangsprosessar* (1.utg., s.7 – 18). Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandal, M.D., Henmo, J.B., Kristiansen, B.S. (2021, 30.mars). Melby får kritikk. *Klassekampen*. Henta frå: <https://klassekampen.no/utgave/2021-03-30/melby-far-krass-kritikk>
- Sirnes, S.M. (2013, 10.desember). Ny Giv. Henta frå: [https://snl.no/Ny\\_GIV](https://snl.no/Ny_GIV)  
Pr. dato: 11/05-21.
- Tjora, A. (2020, 20.oktober). Erving Goffman. Henta frå: [https://snl.no/Erving\\_Goffman](https://snl.no/Erving_Goffman)  
Pr. dato: 03/05-21.
- Hovdhaugen, E. (2012). Innledning (s.19 – 40). Vibe, N., Frøseth, M.W., Hovdhaugen, E., Markussen, E. (Red.), *Strukturer og konjukturer: Evaluering av Kunnskapsløftet. Sluttrapport fra prosjektet «tilbudsstruktur, gjennomføring og kompetanseoppnåelse i videregående opplæring»* (NIFU rapport 26/2012). Henta frå: [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2012/nifu\\_struktur.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2012/nifu_struktur.pdf)
- Vogt, K.C. (2008). Er frafall i videregående opplæring et kjønnsproblem? *Tidsskrift for samfunnsforskning* 04/2008 (heftenr.49). 517 – 541.  
DOI: : <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-291X-2008-04-03>

Westersjø, M. & Andreassen, O.G. (2010). *Individ, kultur og samfunn* (3.utg). Oslo: Cappelen  
Damm.



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave i sosiologi

SO590-O-2021-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	11-05-2021 00:00	<b>Termin:</b>	2021 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	25-05-2021 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgåve i sosiologi		
<b>SIS-kode:</b>	203 SO590 2 O 2021 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	221
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	7390
----------------------	------

Egenerklæring \*: Ja

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei